



SKRIVING I FYR

Meningsfulle skriveoppgåver på yrkesfag

Ingrid Metliaas og Trygve Kvithyld

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning

INNHALD:

Forord	3
Innleiing: Skrivning i FYR	4
Skriveoppgåver:	
1. Røyking og privatliv	10
2. Fråværsreglar	12
3. Kantinemat	14
4. Bruk av bilbelte	16
5. Svenskane tek jobben frå norsk ungdom	18
6. Kven vil bli hjelpepleiarar?	21
7. Språkleg variasjon	24
8. Råkøyring på vegane	26
9. Foreldre som drikk medan barna ser på	28
10. Testamentariske gåver til Redd Barna	31
11. Fashion	33
12. Framtid som fengselsbetjent	35
13. Mekkeverkstad for ungdom	37
Etterord	40



SKRIVING I FYR

Meningsfulle skriveoppgåver på yrkesfag

Ingrid Metliaas og Trygve Kvithyld
Nynorsk utgåve ved Einar Walstad

Nasjonalt senter for
skriveopplæring og skriveforskning

© 2013

Første opplag 2013: 1000 eks.

ISBN 978-82-93194-06-4 (trykt)

ISBN 978-82-93194-07-1 (pdf)

Layout: Tibe T reklamebyrå

Illustrasjonar: Ståle Gerhardsen omslag, R. Crumb s. 25, Kim Hiorthøy s. 40

Foto: iStockphoto s. 11, 14, 15, 16, 19, 23, 26, 27, 31, 34, 35

Getty Images s. 13, 17, 20, 29

FORORD

Dette heftet med forslag til skriveoppgåver for elevar på yrkesfag er laga til FYR-prosjektet (2011–2013). Det er på ingen måte eit hefte som gir ei fullstendig innføring i skriveopplæring for FYR-elevar, men det har nokre konkrete døme på korleis vi kan drive systematisk og bevisst opplæring i skriving for denne elevgruppa.

FYR står for Fellesfag, Yrkesretting og Relevans. Tre fellesfag, norsk, matematikk og engelsk, har fått sine eigne fagkoordinatorar, ein i kvart fylke. Oppgåvene og undervisningsopplegga i heftet er laga for norskfaget i FYR og tek utgangspunkt i kompetansemåla i læreplanen for dette faget. Oppgåvene oppmodar likevel til tverrfagleg samarbeid om skriveopplæring.

Førebuing og rammer for skrivinga er viktig for SKRIVING I FYR. Elevane kan ikkje berre få ei oppgåve i handa og beskjed om å skrive i veg. I dette heftet finst det forslag til korleis ein kan gi emnehjelp, kome i gang, og gi rammer for skriving.

Oppgåver og emnehjelp i heftet må brukast med vett og forstand. Lærarar kan klippe, lime, forandre og bruke alle forslag etter behov i si eiga klasse. Håpet er at lærarar og elevar kan få fleire idear og skreddarsy sine eigne opplegg etter dei behova klassa har. Heftet ligg på nettsida til Skrivesenteret. Der finst det også andre ressursar for alle som vil vite meir om god skriveopplæring.

På prosjektsida til FYR vil vi etter kvart legge inn elevtekstar og modelltekstar til oppgåvene i heftet, og vi vil kome med forslag til nye skriveoppgåver.

Trondheim, den 29. oktober 2012

For FYR-prosjektet

Ingrid Metliaas

Nasjonal koordinator

INNLEIING: SKRIVING I FYR

FYR-elevane skal bli gode og trygge skrivarar. Dei skal få opplæring og trening i yrkesretta skriving, og dei skal få skriveopplæring som er relevant for framtida deira som vaksne medborgarar. Ein del av elevane vil seinare tileigne seg studiekompetanse, og skriveferdigheitene dei oppnår på yrkesfag, er eit skritt på vegen mot den skrivinga som blir kravd av dei som studentar. Det er ingen motsetnader i dette. Systematisk og effektiv skriveopplæring gir den språklege tryggleiken som er grunnlaget for å gå vidare i alle retningar.

Skriving er ei av dei fem grunnleggande ferdigheitene i Kunnskapsløftet. I det ligg det ei forståing av skriving som ein reiskap for kunnskapsutvikling i alle fag, samstundes som det å kunne skrive er ein viktig del av fagkompetansen i dei ulike faga. Skriving er både ein reiskap for kommunikasjon og samhandling med andre, for læring, og for å utvikle eigne tankar.

Alle lærarar er skrivelærarar, i kvar sine fag. Denne oppgâvesamlinga er tenkt for norskfaget i Vg1 og Vg2 på yrkesfaglege programområde, men ho oppmodar til tverrfagleg samarbeid.

Yrkesretta skriving og tverrfagleg samarbeid

Alle læreplanar har avsnitt om grunnleggande ferdigheiter, og planane omtalar den grunnleggande ferdigheita skriving på ulikt vis. På programområdet Design og handverk skal elevane skrive for å kunne kommunisere «om estetikk, design og produksjonsprosesser med kunder, kolleger, leverandører og andre samarbeidspartnere». På andre programområde blir presis uttrykksmåte framheva, til dømes i teknikk og industriell produksjon, der elevane skal «bruke et presist språk for å unngå feil og misforståelser». I andre læreplanar blir andre viktige sider ved faget signalisert, til dømes i Restaurant- og matfag, der elevane skal «beskrive lukt, smak og utsjånad». I FYR vil vi ha tverrfagleg samarbeid om elevane si skriveutvikling, og då er omtalen av dei grunnleggande ferdigheitene eit viktig felles utgangspunkt.

Programfaglæraren kjenner teksttypene og ordforrådet i faget. Norsklæraren veit mykje om språk,

tekst og skriveopplæring generelt. I FYR utnyttar vi kompetansen hos begge partar for å gi elevane relevant og god skriveopplæring. Samarbeidet må handle om både planlegging, gjennomføring og vurdering. Norsklæraren må ikkje berre få rolla som han som «rettar» eit ferdig produkt. Lærarar med ulik fagbakgrunn må kome saman og finne ut kva som er relevante måtar å samarbeide på. Dette er vanskeleg å få til dersom ikkje skuleleiinga engasjerer seg og finn praktiske løysingar som gir rom og tid for å møtast.

Anna relevant skriving, tenkeskriving og presentasjonsskriving

Skriveopplæringa i norskfaget omfattar fleire teksttypar enn dei yrkesfaglege tekstane. Det er stor breidd i kompetansemåla i læreplanen, og skrivinga må reflektere dette. I FYR vil vi arbeide med heile breidda i norskfaget, og skriving er ein reiskap for å gjere lærestoffet relevant for elevane.

Læreplanen i norsk understrekar at «Lesing og skrivning er parallelle prosesser i den enkeltes læringsforløp». Dette er eit viktig utgangspunkt for tenkinga i FYR. Den uformelle tenkeskrivinga som reiskap i læringsprosessen er eit gjennomgåande prinsipp i undervisninga vår. Elevane får arbeide seg gjennom eit fagstoff og reflektere over tema som blir tekne opp, ved at dei får skrive korte tekstar som berre er for dei sjølve, og som ikkje skal vurderast med ein karakter. Tenkeskriving knyter skriveopplæring og arbeid med fag saman, og det tek ikkje ekstra tid. Elevane må vere aktive, og dei blir gjorde til deltakarar i ein dialog ved at dei vekslar mellom korte skriveøker og samtale.

Vi tek òg i bruk kunnskap om skriveopplæring for å kome vidare med elevane si formelle skrivning, presentasjonsskrivinga. Lesing, lytting, tenkeskriving og samtale i klassa er hjelp til å finne noko å skrive om, men for å bli aktive medborgarar i samfunnet må ungdommane også bli trygge på at dei er i stand til å skrive noko som kan bli presentert for andre.

Skriveopplæring i FYR-klasserommet

Skrivehjulet er ein modell som forklarar kva skrivning er. Ved å ta utgangspunkt i kva vi bruker skrivning til, definerer det seks skrivehandlingar og viser kva formål desse skrivehandlingane har. Skrivehandlingane og formålet som blir omtalte i skrivehjulet, er eit godt utgangspunkt for å planlegge god og målretta skriveopplæring.

FYR-elevane må få varierte skriveoppgåver ut frå måla i læreplanen. I dette heftet er skrivehandlinga *å overtyde* brukt som utgangspunkt for alle oppgåvene. Bakgrunnen for det er at læreplanen i norsk og rammeverket for grunnleggande ferdigheiter

legg stor vekt på argumentasjon. Elevane på Vg1 og Vg2 yrkesfag skal kunne forstå argumentasjon i andre sine tekstar, og dei skal sjølv kunne argumentere for eigne meiningar. Dei skal dessutan begynne å opparbeide ei forståing for retorikk. Skrivning er ei handling som er retta mot ein mottakar, og dei kompetansemåla som er nemnde over, handlar om å overtyde nokon.

I dette heftet er derfor verbet å overtyde brukt i oppgåvene til presentasjonsskrivinga. Det opnar for andre sjangrar enn argumenterande sakprosaetekstar. Læraren står altså fritt til å bruke materialet og utforme nye skriveoppgåver. Med utgangspunkt i emnehjelp og førskrivingsaktivitetar som er skisserte til kvart tema, kan ein godt lage oppgåver med utgangspunkt i andre skrivehandlingar, som å *førestille seg*, å *reflektere* eller å *beskrive*. Ta skrivehjulet i bruk!

Skrivehjulet



FASAR I SKRIVE- OPPLÆRINGA:

Oppgåvene skal vere relevante og motiverande for elevane. Dei bør helst handle om noko som vedkjem dei, men først og fremst er det forarbeidet i klassa som skal engasjere elevane og gi dei noko å skrive om. Uansett kva skrivehandlingar og formål som er utgangspunkt for ei skriveoppgåve, planlegg vi alle fasane i skriveopplæringa:

Elevane skal

- **ha noko å skrive om (emnehjelp)**
- **kome i gang med skrivinga**
- **skrive seg gjennom førsteutkastet**
- **revidere teksten sin**
- **gjere teksten ferdig**

1»

Å ha noko å skrive om. Emnehjelp

Den faglege, førebudde og styrte samtalen er viktig i FYR. Vi bruker uformell skriving og dialog for å utvikle kunnskap og tankar som kan gi innhald til den skriveoppgåva elevane skal jobbe med. Tenkeskriving knytt til lesing av alle typar tekstar, høgtlesing, deling av tankar og dialog gjer tema og problemstillingar relevante for elevane. Ved hjelp av samtalen og tankekart eller momentlister på tavla får elevane eit utgangspunkt for skrivinga si.

Gode skribarar må lese mykje og samtale om tekstar. Gjennom samtalen utviklar dei kunnskap, og dei får prøve ut argument og haldningar i samspel med lærar og medelevar.

For elevar på yrkesfag gir programfaget opplevingar, erfaringar og spørsmålsstillingar som kan utnyttast i skriveopplæringa. Arbeid i verkstad eller kjøkken, og ikkje minst utplassering på ein arbeidsplass, gir situasjonar som kan utnyttast i relevant skriveopplæring. Elevane kan skildre og fortelje, og dei kan få relevante problemstillingar der det er naturleg å øve på å uttrykke egne meiningar. I FYR er det kompetansemål i læreplanane som er utgangspunktet for dei oppgåvene vi lagar, og vi knyter dette til situasjonar og spørsmål elevane er opptekne av.

2»

Å kome i gang

Ofte er det vanskeleg å kome i gang med skrivinga. I FYR er det ein del av den aktive skriveopplæringa at vi gir elevane nokre rammer som hjelper dei i gang. Dette kan vi gjere på fleire måtar:

- **Modelltekst/mønster tekst.** Læraren kan skrive ein modelltekst, eller ein kan bruke ein god elevtekst. På yrkesfaglege programområde er det rimeleg at programfaglærar skriv ein tekst som kan vere modell for dei fagspesifikke tekstane. Når elevane er utplasserte i bedrifter, kan ein kanskje få bedriftene til å skrive til dømes ein modelltekst som syner korleis dei ønskjer at rapportar skal sjå ut.
- **Startsetning.** Læraren gir elevane ei setning dei skal starte med. Det kan godt vere fleire setningar å velje mellom.
- **Diktat.** Ein kort diktat kan brukast som starthjelp. Diktaten kan lagast slik at han fører inn i tematikken det skal skrivast om.
- **Andre kriterium for skriving.** Talet på ord kan vere eitt av kriteria som fungerer som ramme for elevane.

3»

Å gjennomføre skriveoppgåva

Det er vanskeleg å fylle eit blankt ark eller ein tom skjerm med meining! Mange av FYR-elevane har hatt dårlege røynsler med skriving og mista trua på seg sjølv. Det er derfor ofte meningslaust å gi dei ei skriveoppgåve og deretter overlate dei til seg sjølv. Læraren må gi hjelp undervegs:

- **Temasetningar.** Elevar kan ha god nytte av å øve spesielt på temasetningar; ei setning som står først (eller langt fram) i eit avsnitt og gir eit signal om kva avsnittet handlar om. Læraren kan gi nokre temasetningar som hjelp i ein startfase av skriveopplæringa.
- **Innleiing og avslutning** kan læraren også foreslå dersom det er vanskeleg å kome i gang. Det er uansett nyttig å tenke at ein berre skal konsentrere seg om delar av ein tekst av og til.
- **Tekstbinding;** korleis avsnitt kan lenkast saman, er noko som læraren kan gi døme på og som elevane kan arbeide spesifikt med.

4»

Å revidere teksten og gi funksjonell respons

Skriveopplæringa må gi elevane tillit til at dei kan greie å utvikle og forbedre tekstane sine. Arbeidet med skriving i klassa må syne dei at skriving er ein prosess som tek tid og har mange stadium. For å kunne revidere eigen tekst eller tekstane til med-elevar må elevane ha hjelp til å sjå kva som er godt og dårleg i den teksten dei arbeider med. Eit skjema som viser kriteria for korleis ein slik tekst kan skrivast, kan hjelpe elevane til å sortere. Dei kan bruke dette på eigne tekstar, eller dei kan sitte saman i par og vurdere tekstar for kvarandre. Læraren lagar ein modelltekst eller bruker elevane sine tekstar undervegs for å vise korleis vurderingsskjemaet skal brukast eller for å drøfte vurdering – med og utan karakter.

Å lese teksten høgt for seg sjølv eller for andre er ein god arbeidsmåte i revisjonsfasen. Arbeidet med respons og revisjon av tekstar må hjelpe elevane til å utvikle gode skrivestrategiar.

Etter kvart blir det viktig å utarbeide kriterium for korleis skrivinga skal vurderast med karakter. Klassa må vere involvert i utviklinga av vurderingskriteria og vite kva dei skal ha i fokus medan dei skriv.

Skriving av korte tekstar gir større moglegheit for å jobbe med revisjonsarbeidet. Det er ikkje nødvendig å jobbe med alt i same tekst. Desse momenta kan vere med i eit vurderingsskjema:

- Struktur (spesifiser: innleiing – avslutning – samanheng mellom avsnitt)
- Språk og formelle ferdigheiter (rettskriving, teiknsetting, og/å ...)
- Forståing og bruk av tekstvedlegg
- Sjanger/teksttype
- Heilskap

5»

Å fullføre arbeidet med ein tekst

Den uformelle tenkeskrivinga blir brukt til å synleggjere tanken og dele og utvikle kunnskap, og det er ikkje noko poeng i å «rette» ein slik tekst. Elevane sin tekst er ferdig når han er nedskriven, og han skal ikkje reviderast. Presentasjonsskrivinga, derimot, må ende opp med ein ferdig tekst som blir teken vare på. Ein ferdig tekst får større verdi for eleven dersom han blir publisert og får ein lesar. I FYR bruker vi dei moglegheitene vi kan finne for å publisere eit utval ferdigstilte og reviderte elevtekstar; eit hefte, ei veggavis, ein brosjyre eller ein blogg. Nokre tekstar kan publiserast på ein arbeidsplass der elevane er utplasserte, og vi kan kanskje bruke ei lokalavis eller ei bedrift som samarbeidspartner? Skulen si eiga nettside kan ha ein «månadens tekst». Vi kan gjere det i eit samarbeid med eleven sine programfag, eller vi kan sjå moglegheiter for å kople norskfaget saman med andre fellesfag.

SKRIVEOPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING

Skriveoppgåvene i dette heftet er laga for elevar på yrkesfag, og alle oppgåvene har som mål at elevane skal øve på presentasjonsskriving. Oppgåvene er sette inn i heilskaplege undervisningsopplegg, og det er viktig at læraren bruker tid på dei første trinna i prosessen; å bruke tenkeskriving og samtale, tankekart og alle hjelpemiddel som kan få fram idear hos elevane om kva dei skal skrive om. Denne emnehjelpa og rammene for skrivinga, mellom anna at vi har fastsett kor mange ord elevane skal skrive, er ein viktig del av opplæringa.

Alle skriveoppgåvene bruker skrivehandlinga å *overtyde*. Formålet med skrivinga er dermed å påverke lesaren. Det er mange fordelar med å sette i scene ein skrivesituasjon der målet er å overtyde. Mellom anna unngår ein den kunstige kommunikasjonsituasjonen der læraren både er mottakar av innhaldet i teksten, og samstundes – som lærar i faget – ein som veit mykje meir om temaet enn eleven. Formålet med skriveoppgåva er altså å overtyde, og det opnar for at elevane kan skrive ulike teksttypar. I nokre av oppgåvene har vi valt å legge vekt på appellformene i retorikken. Vi har freista å vise at ein kan overtyde lesaren på ulike måtar ved å appellere til kjensler (patos), fornuft (logos) og truverd (etos).

Skriveoppgåvene er forslag og forhåpentlegvis inspirasjon til å lage andre oppgåver som er relevante for arbeidet i ei klasse der og då. Læraren kan utvide og innskrenke etter behov. Oppgåvene tek utgangspunkt i ulike tekstar, mellom anna frå aviser og Internett. I den grad det har vore mogleg, er kjeldene oppgitt. Det bør ikkje vere vanskeleg å finne tilgjengelege tekstar som kan brukast som

utgangspunkt for lesing og skriving om dei temaa som er valde. I heftet finst òg nokre tips for kvar ein kan finne tekstar å arbeide med.

Oppgåvene er laga med tanke på at dei skal reviderast og fullførast, altså bli så gode og korrekte som det er mogleg for eleven å få til med hjelp frå lærar og medelevar. Læraren bør publisere tekstane på ein blogg, som veggaviser eller hefte, eller gjere bruk av dei på annan måte slik at tekstane får ein lesar. Slik kan dei bli viktige tekstar som motiverer elevane til innsats.

Les meir på www.skrivesenteret.no:

Ressursar:

Publisering av elevtekstar
Skrivehjulet

Fagtekstar:

Tenkeskriving
Funksjonell respons
Skrivetrekant
Når alle lærarar skal vere skriveleiarar

1. Røyking og privatliv

OPPGÅVER TILPASSA: Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget, alle.



EMNEHJELP:

Studer sigarettpakken og les artiklar om skadeverknader av røyking. Samarbeid med programfaglærarar på helsefag, samfunnsfaglærar eller kroppsøvlingslærar. Les tekstar, diskuter, sjå på bilete.

TIPS:

Sigarettpakkar med åtvaring kan ein finne mange av på nettet. Bruk eventuelt dei nye røykpakkane frå Australia som grunnlag for samtalen i klassa.

Frå Dagbladet.no 15.8.2012. Video er tilgjengeleg: <http://www.dbtv.no/?vid=1785804167001>.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving:

Ta utgangspunkt i åtvaringa på ein sigarettpakke.

- Korleis oppfattar du åtvaringa på sigarettpakken?
- Appellerer ho først og fremst til kjenslene våre (patos) eller til fornufta (logos)?
- Verker åtvaringa truverdig (etos)?

Begynn med ei av setningane under og skriv i tre minutt:

- Åtvaringa på sigarettpakkane appellerer til kjenslene våre fordi ...
- Åtvaringa på sigarettpakkane appellerer til fornufta vår fordi ...
- Åtvaringa på sigarettpakkane er truverdig fordi ...

Elevane kan lese tekstane for kvarandre i grupper, eller dei kan lese dei høgt medan læraren noterer på tavla. Samtale.

1. Røyking og privatliv

OPPGÅVER TILPASSA: Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget, alle.



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Case:

I barnehagen der du arbeider, er de blitt enige om å setje i gang ein kampanje for å få foreldre til å slutte å røyke av omsyn til barna. De skal lage eit hefte som skal delast ut til alle foreldra. Tekstane i heftet skal overtyde foreldra om at det er farleg for barn å bli utsette for passiv røyking.

Skriv ein tekst til barnehagen sitt hefte. Teksten skal vere på om lag 400 ord. Du vel sjølv om du vil appellere mest til mottakarane sine kjensler eller fornufta deira, og du må finne ut korleis du kan gjere teksten truverdig.

Forslag til startsetningar:

- Passiv røyking er farleg for barn si helse ...
- Foreldre som vil det beste for barna sine, bør ikkje røyke ...
- Barn si helse blir dårlegare dersom foreldra røyker...

2. Fråværsreglar

OPPGÅVER TILPASSA: Alle programområde

Strengere fraværsregler (Aftenposten onsdag 25. juli 2005)

Utdanningsforbundet har foreslått at det gjeninnføres en grense for hvor mye elever i videregående skole kan være fraværende fra undervisningen i et fag dersom vedkommende skal få karakter. En undersøkelse forbundet har foretatt blant sine medlemmer, viser at åtte av ti lærere er helt eller delvis enig i påstanden om at elever spekulerer i å skulke prøver i et fag for å få en ny sjanse senere. Syv av ti vil gjeninnføre fraværgrensen, som tidligere var på 20 prosent.

Dette viser at Kunnskapsdepartementets beslutning i 2009 om å oppheve denne grensen, ikke har virket etter hensikten. Altfor mange elever har latt være å ta ansvar for egen læring, som var en betingelse for at regelendringen skulle bli vellykket. Dette gjør det vanskelig for lærerne å gjennomføre en god nok undervisning og foreta en grundig evaluering av elevene.

Vi mener derfor det er viktig å lytte til lærernes råd. Om grensen for å bestå i et fag skal være minst 80 prosent fremmøte, eller om det skal innføres

andre begrensninger i fraværet, kan diskuteres. Men Kunnskapsdepartementet bør ta tak i saken så snart som mulig etter ferien.

Regler om begrenset fravær er ikke minst viktig som del av skolens forberedelse til elevenes deltagelse i arbeidslivet, og for å redusere det store frafallet i videregående skole. Undersøkelser viser at elever som har høyt fravær i videregående skole, også har en tendens til å gjenta fraværsvanene etter at de kommer i arbeid.

EMNEHJELP:

Teksten over, «Strengere fraværsregler», stod på leiarplass i Aftenposten onsdag 25. juli 2012. Avisa trykte mange innlegg i debatten om stort fravær i skulen og kva for konsekvensar fraværet bør ha for elevane. Det finst mykje stoff om dette både i aviser og på nett. Ein kan òg gå til opplæringslova eller skulen sitt eige reglement.

Oppgåvene under er knytte til den aktuelle artikkelen, men oppgåvene kan lett tilpassast ein annan tilsvarande tekst. Elevane har også sjølv meiningar om dette, og læraren må gi rom for diskusjon i klassa.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving:

Les avisteksten saman. Gi elevane ei av tenkeskrivingsoppgåvene og bruk tre minutt:

- Kva meiner du er hovudsynspunkta i denne leiarartikkelen?
- Kva synest du er det viktigaste argumentet som blir brukt for å bygge opp under hovudsynet?
- Kva for tankar gjer du deg når du les denne teksten?

Les opp og skriv viktige tankar på tavla. Dialog i klassa.

Anna emnehjelp:

Bruk skulen sitt eige fraværsreglement og finn ut kva fraværsreglar som gjeld på skulen. Still spørsmål til elevane.

- Kvifor har vi desse fraværsreglane?
- Kan vi greie oss utan fraværsreglar og basere oss på tillit?
- Korleis meiner du fraværsreglane bør vere?

Diskuter i klassa. Del eventuelt klassa i to og la elevane finne argument for ulike standpunkt i diskusjonen.

2. Fråværsreglar

OPPGÅVER TILPASSA: Alle programområde



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Case:

Du går på ein vidaregåande skule der det har blitt mykje krangling om fråværsreglane. Mange elevar fekk ei ubehageleg overrasking då dei ikkje fekk vurdering i fellesfag på Vg1 yrkesfag. No har rektor bedt om å få elevane sine synspunkt på fråværsproblematikken.

Skriv eit brev der du freistar å overtyde rektor om at ei fast fråværsgrense er den beste løysinga.

Eller:

Skriv eit brev der du freistar å overtyde rektor om at ei fast fråværsgrense ikkje vil føre til mindre fråvær.

3. Kantinemat

OPPGÅVER TILPASSA: Restaurant- og matfag. Vg1 og Vg2, alle.



EMNEHJELP:

Det er lett å finne tekstar om kosthald og helse. Det kan vere alt frå læreboktekstar til reklametekstar i vekeblad. Samarbeid med lærarar i programfag eller andre fellesfag. Ta utgangspunkt i kantinemat og elevane sine matvanar på eigen skule.

TIPS:

Bruk nettstader som reklamerer for sunn mat, til dømes www.tine.no.
Finn bilete.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving:

Er det samfunnet/skulen sitt ansvar å passe på kva vi et, eller er det ei sak som berre vedkjem kvart enkelt menneske? Skriv ein tekst der du reflekterer over dette spørsmålet. Skriv i tre minutt, og begynn med ei av setningane under:

- Eg meiner at elevar i vidaregåande skule er gamle nok til å passe på seg sjølv ...
- Eg synest ingen andre skal bry seg med kva vi et ...
- Kosthald er viktig for at vi skal gjere vårt beste på skulen ...

3. Kantinemat

OPPGÅVER TILPASSA: Restaurant- og matfag. Vg1 og Vg2, alle.



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Case:

Rektor har foreslått at skulekantina skal slutte å selje brus, bollar og alle søtsaker. Nokre av elevane reagerer på dette og meiner at dei er vaksne nok til å bestemme sjølv kva dei skal ete. Andre støttar forslaget frå rektor og vil ha ei kantine med grovt brød, juice og frukt. Rektor vil gjerne ha elevane sine argument før skuleutvalet tek ei endeleg avgjerd.

Skriv eit brev til elevrådet der du freistar å overtyde dei om at fleirtalet av elevane vil ha ei skulekantine med berre sunne matvarer. Teksten skal vere på omtrent 400 ord.

Eller:

Skriv eit brev til elevrådet der du freistar å overtyde dei om at fleirtalet av elevane ønskjer ei kantine med eit stort utval matvarer der elevane sjølv kan avgjere kva dei vil ete. Teksten skal vere på omtrent 400 ord.

Skriveopplegget kan gjerast meir autentisk ved at teksten blir publisert som veggavis, gjerne i kantina eller som eit hefte som blir distribuert til skuleutvalet.

4. Bruk av bilbelte

OPPGÅVER TILPASSA: VG2 Køyretøy, alle.



EMNEHJELP:

Ta til dømes utgangspunkt i nettsida til Trygg Trafikk. Her finst òg eit dataspel (reallifeauto.tryggtrafikk.no). Ein kan også nytte annonsar/haldningskampanjar og knyte oppgåva til bruk av retoriske omgrep.

TIPS:

http://www.tryggtrafikk.no/Ungdom+frykter+ulykker,+men+dropper+bilbeltet.b7C_wJDK3i.ips

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Diktat som innleiing til eiga skriving:

Bruk teksten under som diktat. Elevane kan òg få teksten ferdig, eller dei kan få første del og skrive dei siste setningane som diktat.

Ungdommar er ofte redde for å vere passasjerar i bil, står det på nettsida til Trygg Trafikk. Likevel har kvar tredje ungdom droppa bilbeltet enkelte gonger. Det siste halvåret har 65 prosent vore nær ved å oppleve ei ulykke i trafikken. 64 prosent seier at dei har følt seg utrygge på sjåføren. Trass i det seier 36 prosent av dei som er spurde av Trygg Trafikk, at dei har sete i baksetet utan å bruke bilbeltet. Dessverre finst det mange døme på at det har gått gale.


Tenkeskriving:

Bruk ei av setningane under og skriv i tre minutt:

- Eg er ofte redd når eg er passasjer i ein bil, for ...
- Når eg sit på i bil saman med vener, blir eg mobba når eg tek på meg bilbeltet ...
- I veneflokken min bruker alle bilbelte, for ...
- Nokre kallar bilbeltet for «feigreima». Eg synest ...

4. Bruk av bilbelte

OPPGÅVER TILPASSA: VG2 Kjøretøy, alle.



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Case:

I det siste har det vore fleire bilulykker der ungdommar de kjenner er blitt skada fordi dei ikkje har brukt bilbelte. Skulen vil sette i gang ein kampanje for å snu haldningane til elevane. Eit av tiltaka i kampanjen er at elevane skal lage ei veggavis.

Skriv ein tekst der du freistar å overtyde lesarane om at strengare kontroll og større bøter er nødvendig for få ungdommane til å bruke bilbelte.

Eller

Skriv ein tekst der du appellerer til ungdom på din eigen alder og freistar å overtyde dei om at dei alltid skal bruke bilbelte når dei er passasjerar i ein bil. Hent gjerne inn fakta frå Internett eller andre kjelder.

Presenter tekstane som veggavis eller hefte. Tekstane eignar seg godt til å bli lagde ut på ein blogg. Kan lokalavisa ta inn nokre tekstar som lesarinnlegg, eventuelt lage ein reportasje?

5. Svenskane tek jobben frå norsk ungdom

OPPGAVER TILPASSA: Service og samferdsel, Helse- og sosialfag, alle.



Svenskene tar jobben fra norsk ungdom (Aftenposten 26. juli 2012)

Av Helene Skjeggstad og Anders Firing Lunde

– Dårlig samvittighet? Nei, så lenge vi får samme lønn, kan jeg ikke få dårlig samvittighet for at jeg får jobb foran en nordmann, sier Caroline Browall (19) fra Göteborg.

Svensker som kommer til Norge for å jobbe, får mye skryt; serviceinnstilte, arbeidsvillige og takknemlige, er noen av adjektivene som kommer opp om man søker på svensker i Norge. En fersk masteroppgave, skrevet til forskningsprosjektet «Arbeidsinnvandring til Norge» ved Frischsenteret på Universitetet i Oslo viser imidlertid en annen side av saken.

Forfatter av oppgaven, Camilla Sundt, konkluderer med at svenskene har spesielt gjort det vanskeligere for ungdom på 17–18 år som søker jobb for første gang.

Svenskeandelen øker

Analysen viser at en økt andel svensker har en negativ effekt på sannsynligheten for at norsk ungdom i 17-årsalderen får jobb. Når andelen svensk ungdom stiger med ett prosentpoeng, faller andelen av norsk ungdom som er i jobb med et halvt prosentpoeng, sier Sundt.

Caroline Browall (19) serverer salat, baguetter og kaffe til sommerturistene på Bit i Byporten kjøpesenter i Oslo. Hun kom hit fra Göteborg 10. juni og reiser igjen i midten av august. Har hun tenkt på at hun kanskje skviser ut norsk ungdom som trenger deltids- eller sommerjobb?

– Jeg har faktisk tenkt over det. Vi er jo nesten bare svensker som jobber her, og jeg bor også i et kollektiv med bare svensker. Jeg ønsker jo ikke å «ta» jobben fra noen, men jeg tenker at så lenge vi stiller likt i søknadsprosessen,

kan jeg ikke få dårlig samvittighet, sier Browall.

Mister erfaring

I undersøkelsen tok Sundt utgangspunkt i utsagnet om at norsk ungdom er late.

Ved å se på sammenhengen mellom norsk ungdom på arbeidsmarkedet og den økte svenske arbeidsinnvandringen, fant vi ingenting som kan bevise at norsk ungdom er blitt senere, sier hun.

– Er det ikke egentlig slik at svenskene tar de jobbene norsk ungdom ikke ønsker?

Funnene i oppgaven viser at en økt andel svensker i Norge reduserer sannsynligheten for at norsk ungdom er i jobb. Om bakgrunnen for denne sammenhengen er at norske ungdommer er blitt mer kresne, eller om svenskene reelt tar jobbene fra norsk ungdom, sier ikke oppgaven noe om, sier Sundt, som understreker at det trengs forskning på området.

Bernt Bratsberg, veileder på masteroppgaven og forsker på Frischsenteret, tror funnene har en todelt betydning for unge nordmenn.

– Trenden kan føre til at norske ungdommer gjør det bedre på skolen fordi de får bedre tid, eller det kan bety at de mister verdifull arbeidserfaring som er til stor nytte når de senere skal inn på arbeidsmarkedet på ordentlig, sier han.

Lavere lønn

Ifølge undersøkelsene i masteroppgaven fører svenskenes inntog generelt til lavere lønn for norske ungdommer.

– Funn bekrefter at det har skjedd en underliggende reduksjon i timelønnen, samtidig som det over de siste tiårene

har vært en kraftig nedgang i antall timer norsk ungdom jobber i året, sier Sundt.

Ifølge Bernt Bratsberg ved Frischsenteret bidrar svenskene til at han kan gå på restaurant og få god service, uten nødvendigvis å måtte betale fullt så mye.

– De er med på å holde prisnivået nede på tjenester jeg nyter godt av som konsument, selv om barna våre kanskje ikke klarer å finne sommerjobb, sier han.

Stor nytte av svensker

De fleste svenskene jobber med varehandel, i hotell- og restaurantbransjen, eller de får jobber gjennom bemanningsbyråer. I Aftenposten Aften sto det tirsdag at svensker er svært populære arbeidstakere i Oslo. De får æren for at servicen på restauranter, barer og i klesbutikker ifølge bransjen er blitt bedre de siste årene.

Svein Oppegaard, direktør for arbeidsliv i NHO, mener norsk arbeidsliv har stor nytte av svensker som kommer over grensen for å jobbe.

– Veldig mange arbeidsgivere får på denne måten tak i nødvendige og dyktige arbeidstagere, spesielt i serviceyrkene, sier han.

Svein Oppegaard mener stabile arbeidsledighetstall i Norge motbeviser at svenske arbeidere fortrenger noen ut av arbeidsmarkedet.

– Det er et viktig poeng at arbeidsgiverne i første omgang må fylle opp med heltidsansatte for å få hjulene til å gå rundt. Da må noens ønske om å få deltidsjobb komme i annen omgang, sier han.

5. Svenskane tek jobben frå norsk ungdom

OPPGÅVER TILPASSA: Service og samferdsel, Helse- og sosialfag, alle.



EMNEHJELP:

Les teksten frå Aftenposten eller finn andre artiklar om temaet i aviser eller på Internett. Set strek under interessante opplysningar eller utsegner i teksten og snakk om dei. Ein kan òg velje å snakke om elevane sine eigne erfaringar eller gå rett på diktaten.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Diktat som innleiing til eiga skriving:

Sverige har høg arbeidsløyse; blant ungdom på meir enn 20 prosent. Det fører til at talet på svenske ungdommar i Noreg aukar for kvart år, og svenskane er populære arbeidstakarar. Dette er uheldig for norske ungdommar, meiner mange. Det er mindre sannsynleg at ein norsk ungdom kan få seg sommarjobb på grunn av svenskane.

Tenkeskriving:

Bruk denne startsetninga og skriv i tre minutt:

- Når eg skal velje ein arbeidsplass i framtida, er det viktigaste ...

Les tekstane høgt og skriv opp nokre hovudmoment på tavla. Diskuter desse i klassa.

5. Svenskane tek jobben frå norsk ungdom

OPPGÅVER TILPASSA: Service og samferdsel, Helse- og sosialfag, alle.



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Skriv eit lesarinnlegg til lokalavisa der du freistar å overtyde om at norske ungdommar må ha fortrinnsrett til jobbar i Noreg. Teksten skal vere på omtrent 400 ord.

Eller:

Skriv eit lesarinnlegg der du hevdar at norske ungdommar er blitt så bortskjemte at dei tapar på arbeidsmarknaden. Forsøk å overtyde dei om at dei må ta seg saman. Teksten skal vere på omtrent 400 ord.

Les tekstane høgt i klassa. Diskuter teksten og vel ut tre som skal sendast til lokalavisa. Ta ein ekstra revisjon på desse, der de ferdigstiller tekstane og sender dei til lokalavisa.

6. Kven vil bli hjelpepleiarar?

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, Vg2 helsearbeidarfag.



Mister lysten på å bli hjelpepleier (Aftenposten 4. juli 2012).

Pål Vegard Hagesæther

Norge trenger 50 000 hjelpepleiere innen 2030 for å takle eldrebølgen. Men studentene vil heller utdanne seg videre.

Selviye Murat (19) og Hani Omar (22) har akkurat tatt fagbrev som hjelpepleiere. Nå sikter de mot å bli henholdsvis barnevernspedagog og jordmor.

– Selv om jeg har hatt en flott læretid, vil jeg prøve meg på noe annet, sier Murat.

I forrige uke besto hun og Omar fagprøven etter to års læretid på Solvang sykehjem i Oslo. Dermed kan de kalle seg hjelpepleiere – eller helsefagarbeidere, som er det offisielle navnet. Men ingen av dem har planer om å bli i yrket.

– Vi ønsker oss mer varierte yrkesmuligheter, sier de.

Katastrofe for fagene

Dermed er de ganske typiske, ifølge en ny studie fra NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning). Etter å ha intervjuet 2500 elever på ulike trinn av helse- og sosialfag fant forskerne at jo mer myndighetene presser på for å utdanne flere hjelpepleiere og barne- og ungdomsarbeidere, desto flere sykepleiere, vernepleiere og barnevernspedagoger får de. For lysten til å ta høyere utdanning øker gjennom studiet.

Etter andre skoleår velger rundt 50 prosent å ta påbygning for å få studiekompetanse, men bare 30 prosent går

ut i lære. Etter å ha vært i lære sier bare en av fire at de ønsker å jobbe i yrkene fagbrevet kvalifiserer dem for.

– Det er et svært lavt tall, og veldig annerledes fra andre fag, sier forsker Håkon Høst.

Han karakteriserer tallene som en katastrofe for fagene. Det er også et problem for myndighetene. For Norge trenger 50 000 nye hjelpepleiere innen 2030 for å ta unna for eldrebølgen, viser beregninger fra Statistisk sentralbyrå.

Du skulle tro at elevene gjennom læretiden utvikler en yrkesidentitet og en interesse for yrket. I stedet finner de ut at yrket ikke gir de mulighetene de ønsker seg.

Begrensede jobbmuligheter

Høst tror årsaken blant annet er at det er begrensede jobbmuligheter med disse yrkene. Hjelpepleiere jobber stort sett i eldreomsorgen. Barne- og ungdomsarbeidere havner ofte i barnehager. Vil du jobbe på sykehus eller i barnevernet, må du ofte ta mer utdanning.

Og så skjønner kanskje elevene etter hvert at helsesektoren er veldig hierarkisk, og at mulighetene for faglig utvikling er større med mer utdanning, sier han.

Han viser også til at mange hjelpepleiere må jobbe ufrivillig deltid.

– For å få flere til å ønske å bli må det bli mer fleksible grenser mellom de

ulike yrkene i helsevesenet og større muligheter for faglig utvikling for dem med fagbrev.

Høst mener det er et problem at det er for mange i helsesektoren som vil ta høyskoleutdanning, sett i forhold til det Norge har behov for.

Det vil gjøre Norge enda mer avhengig av å importere utenlandsk arbeidskraft for å dekke opp det store behovet for pleiere under sykepleiernivået, særlig i eldreomsorgen. Om de fleste som tar helsefagarbeiderutdanning, ønsker å bli sykepleiere, blir det nemlig ikke flere sykepleiere. I stedet vil de konkurrere med andre søkere om de rundt 4000 studieplassene, fastslår han.

Få tok fagbrev

På Solvang sykehjem kjenner jentene igjen det store frafallet. I Murats klasse var det 9 av 15 som gikk ut i lære, i Omars klasse bare 4 av 20. De andre valgte påbygningsår for studiekompetanse, slik de to nå vil ta selv, samtidig som de tar ekstravakter på sykehjemmet.

Er det ikke utfordrende nok å være hjelpepleier?

– Jo, absolutt. Og du kommer tett på pasientene. Men lønnen er bedre som sykepleier. Jeg tror det er mange grunner til at folk utdanner seg videre, sier Murat.

6. Kven vil bli hjelpepleiarar?

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, Vg2 helsearbeidarfag.

EMNEHJELP:

Les artikkelen eller finn anna stoff om temaet. Samarbeid med programfaglærer/samfunnsfaglærer. Skrivninga kan inngå som del av eit større prosjektarbeid om omsorgsyрка i framtida. Samarbeid med arbeidsplassar der elevane er utplasserte, kan gi moglegheiter for å publisere elevane sine tekstar og motivere dei for skrivninga.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Diktat som innleiing til eiga skrivning:

Ungdommar som tek fagbrev som hjelpepleiarar, vil ikkje bli i yrket. Sjølv om dei trivst i jobben, ønskjer dei seg meir utdanning og meir varierte yrkesmoglegheiter. Dei opplever at helsesektoren er svært hierarkisk, og dessutan får mange hjelpepleiarar berre deltidsstillingar. På denne måten blir Noreg avhengig av å importere utanlandsk arbeidskraft for å dekke opp det store behovet for arbeidskraft i eldreomsorga.

Tenkeskriving

Begynn med denne setninga og skriv i tre minutt:

- Eg trur kvardagen til ein helsefagarbeidar er ...

Les tekstane høgt i klassa og snakk om det som kjem fram. Kva for positive og negative ting kjem fram i elevtekstane?



6. Kven vil bli hjelpepleiarar?

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, Vg2 helsearbeidarfag.



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Skriv eit lesarinnlegg til eit fagblad for helsearbeidarar der du freistar å overtyde om at helsefagarbeidarar bør få betre løns- og arbeidsvilkår. Teksten skal vere på omtrent 400 ord.

Eller:

Skriv ein tekst der du freistar å overtyde helsefagarbeidarar om at dei bør bli i yrket sitt. Teksten skal vere på omtrent 400 ord.

7. Språkleg variasjon

OPPGÅVER TILPASSA: Alle.

TEKST: Tårnet i Babel (1 MOS 11, 1–9)

¹¹ Heile verda hadde same språk og same ord. ² Då dei braut opp frå aust, fann dei ein brei dal i landet Sinear og slo seg ned der. ³ Dei sa til kvarandre: «Kom, så lagar vi teglstein og brenner dei harde!» Dei brukte tegl til byggjestein og jordbek til å fuga med. ⁴ «Kom», sa dei, «lat oss byggja ein by og eit tårn som når opp til himmelen, og skaffa oss eit namn så vi ikkje blir spreidde ut over heile jorda!»

⁵ Då steig Herren ned for å sjå på byen og tårnet som menneska bygde. ⁶ Herren sa: «Sjå, dei er eitt folk, og eitt språk har dei alle. Og dette er det første dei gjer! No vil ingen ting vera umogleg for dei, same kva dei set seg føre. ⁷ Kom, lat oss stiga ned og forvirra språket deira så den eine ikkje skjønar den andre!» ⁸ Så spreidde Herren dei derifrå ut over heile jorda, og dei heldt opp med å byggja på byen. ⁹ Difor kalla dei han Babel, for der forvirra Herren språket for heile jorda. Og derifrå spreidde Herren dei ut over heile jorda.

EMNEHJELP:

Alle lærebøker for yrkesfag har kapittel om språk som er tilpassa kompetansemåla i læreplanen. Skriveoppgåver om språk kan kome i etterkant av arbeidet med desse kapitla. Det er lett å finne anna velegna stoff om språkspørsmål. Samarbeid med engelsklærer er naturleg.

TIPS:

Her er bibelforteljinga om Babels tårn brukt som utgangspunkt, og ein kan tenke seg at ein også les folkeeventyret «God dag mann, økseskaft» (elevane skal lese mytar og eventyr).

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Diktat som utgangspunkt for eiga skrivning:

Bruk teksten til høgre som diktat. Elevane kan også få teksten ferdig, eller dei kan få første del og skrive dei siste setningane som diktat.

I Bibelen blir det fortalt at Gud ønskte å straffe menneska på jorda. Grunnen til det var at menneska hadde bestemt seg for å bygge eit tårn som var så høgt at det nådde heilt opp til himmelen. Gud ville ikkje at menneska skulle bli så hovmodige, og den forferdelege straffa han brukte, var å ta bort det felles språket dei hadde og late dei snakke mange forskjellige språk. Dette skapte kaos og forvirring på jorda, og vi bruker uttrykket «babelsk forvirring» når vi skal beskrive ein kaotisk situasjon.

Bibelforteljinga kan få oss til å tenke på kor viktig det er at vi har moglegheit til å kommunisere med kvarandre.

7. Språkleg variasjon

OPPGÅVER TILPASSA: Alle.

TEKST: Tårnet i Babel (1 MOS 11, 1–9)

¹¹ Heile verda hadde same språk og same ord.

² Då dei braut opp frå aust, fann dei ein brei dal i landet Sinear og slo seg ned der. ³ Dei sa til kvarandre: «Kom, så lagar vi teglstein og brenner dei harde!» Dei brukte tegl til byggjestein og jordbek til å fuga med. ⁴ «Kom», sa dei, «lat oss byggja ein by og eit tårn som når opp til himmelen, og skaffa oss eit namn så vi ikkje blir spreidde ut over heile jorda!»

⁵ Då steig Herren ned for å sjå på byen og tårnet som menneska bygde. ⁶ Herren sa: «Sjå, dei er eitt folk, og eitt språk har dei alle. Og dette er det første dei gjer! No vil ingen ting vera umogleg for dei, same kva dei set seg føre.

⁷ Kom, lat oss stiga ned og forvirra språket deira så den eine ikkje skjønar den andre!»

⁸ Så spreidde Herren dei derifrå ut over heile jorda, og dei heldt opp med å byggja på byen.

⁹ Difor kalla dei han Babel, for der forvirra Herren språket for heile jorda. Og derifrå spreidde Herren dei ut over heile jorda.



Illustrasjon frå Genesis av Robert Crumb.
© Robert Crumb 2010/Schibsted Forlag AS

OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Skriv ein tekst der du freistar å overtyde elevar som skal begynne på ungdomsskulen, om at det er verdtfullt å lære framandspråk i skulen. Skriv 400 ord.

Eller:

Mange engelske ord kjem inn i det norske språket gjennom både populærkultur, ny teknologi og andre sider ved globaliseringa. Skriv ein tekst der du freistar å overtyde lesarane om at vi bør ta vare på vårt eige språk og finne norske ord.

Eller:

Mange engelske ord kjem inn i det norske språket gjennom både populærkultur, ny teknologi og andre sider ved globaliseringa. Skriv ein tekst der du freistar å overtyde lesarane om at vi skal bruke mest mogleg engelsk i alle samanhengar for å bli forstått over heile verda.

8. Råkjørrarar på vegane

OPPGÅVER TILPASSA: Alle



Sivile UP-bilder skal ta råkjørerne

(NTB/Dagbladet mandag 25. juni 2012)

Utrykningspolitiet har rundt 40 sivile biler på veiene i sommer.

De vil forsøke å ta den lille gruppen av råkjørere som setter andres liv i fare i løpet av noen hektiske feriemåneder.

– I sommer har vi 170 biler på veiene, og av disse er rundt en firedel sivile biler, sier UP-sjef Runar Karlsen.

I likhet med Trygg Trafikk og Vegdirektoratet oppfordrer UP folk som skal på ferie, til å ta det med ro i trafikken, ta hensyn og kjøre med større oppmerksomhet.

Utrykningspolitiet vet det er mye stygg kjøring og kommer trolig i år, som tidligere, til å konsentrere innsatsen på de veiene som har størst trafikk og ulykkesrisiko.

– Sommeren er forbundet med høy risiko på veiene. Hittil i år er 77 personer omkommet i trafikkulykker, og jeg frykter at dette tallet kan dobles før året er omme, sier Karlsen til NTB.



EMNEHJELP:

Les teksten saman med klassa. Snakk saman om haldningar til råkjørrarar.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving

Set strek under ei setning i teksten over. Skriv ho ned og hald fram med tenkeskriving. Skriv i tre minutt:

- Denne setninga får meg til å tenke på ...

Les tekstane høgt i klassa etterpå og snakk om det som kjem fram. Læraren kan notere moment på tavla.

8. Råkøyrarar på vegane

OPPGÅVER TILPASSA: Alle

Sivile UP-bilder skal ta råkjørerne

(NTB/Dagbladet mandag 25. juni 2012)

Utrykningspolitiet har rundt 40 sivile biler på veiene i sommer.

De vil forsøke å ta den lille gruppen av råkjørere som setter andres liv i fare i løpet av noen hektiske feriemåneder.

– I sommer har vi 170 biler på veiene, og av disse er rundt en firedel sivile biler, sier UP-sjef Runar Karlsen.

I likhet med Trygg Trafikk og Vegdirektoratet oppfordrer UP folk som skal på ferie, til å ta det med ro i trafikken, ta hensyn og kjøre med større oppmerksomhet.

Utrykningspolitiet vet det er mye stygg kjøring og kommer trolig i år, som tidligere, til å konsentrere innsatsen på de veiene som har størst trafikk og ulykkesrisiko.

– Sommeren er forbundet med høy risiko på veiene. Hittil i år er 77 personer omkommet i trafikkulykker, og jeg frykter at dette tallet kan dobles før året er omme, sier Karlsen til NTB.



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Kva for tiltak må til for at det skal bli mindre råkøyering der du bur? Skriv eit brev til det lokale politiet og foreslå tiltak som du synest er viktige. Du må freiste å overtyde dei om at forslaga dine er fornuftige! Skriv omtrent 400 ord.

Skriv saman: Skriv eit forord der de forklarar at klassa er engasjert i trafikktryggleik og gjerne vil bidra med egne erfaringar og gode råd. Skriv dette som eit formelt brev og lat elevtekstane vere vedlegg. Lag eventuelt ei veggavis og inviter lokalt politi!

9. Foreldre som drikk medan barna ser på

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, Barne- og ungdomsarbeidarfag, alle.



Drikk seg pussa medan barna ser på (omsett for heftet)

(Tekst frå Adresseavisa 22. januar 2011).

«Jeg tror ikke at det er ille for barn å se foreldrene sine drikke. Det kommer helt an på omstendighetene rundt.» Dette sitatet av rusforskar Hilde Pape er svært provoserande for oss som har prøvd å vere i situasjonen til barnet. Det er likevel bra at Adresseavisa skriv om dette problemet, som vedkjem svært mange.

På framsida av Adressa 22. januar stod det «tre av ti foreldre beruset foran barna». Også i Ukeadressa 30. oktober 2010 var barn og foreldre sitt rusmisbruk eit tema. For meg er dette eit viktig tema, og eg skriv derfor ein kommentar til det.

Det er ei utbreidd oppfatning at det å ta seg eit glas vin til maten ein fredagskveld skal ingen blande seg inn i, og alle vaksne vil ha rett til å ta ein drink i godstolen sin. Sjølv om den vaksne ikkje ser at det kan vere «misbruk» å drikke vin til eit hyggjeleg måltid, veit vi at barn kan bli utrygge og oppfatte situasjonen annleis enn dei vaksne. Ifølgje Norsk helseinformatikk er kvar tiande nordmann ein storforbrukar av alkohol. Det igjen tyder at rusproblematikk er det største helse- og sosialproblemet vi har i Noreg i dag. Det at det vert drukke så mykje alkohol i dag, er eit av vår tids største tabu. Myten om at alkoholmisbruk berre rammar nokre få, og gjerne folk frå lågare samfunnslag, er heilt feil. Det viser seg at

menn og kvinner med høgast inntekt drikk mest alkohol, og at det er i Oslo og Akershus forbruket er høgast. Og som det står i artikkelen i Adressa: «Det drikkes mye mer alkohol nå enn for ti år siden, og det er i stor grad blitt akseptert å nyte alkohol i samvær med familie og venner i hjemmet.»

Barn si oppfatning av ein rusa person kan vere forskjellig, men dei aller fleste merkar først og fremst at noko er annleis hos dei som drikk. Ofte er det slik at det ikkje er sjølve bruken av rusmiddel eller mengda som skapar problem. Det som uroar og skremmer barn, er den forandringa som skjer med foreldra når dei rusar seg. Og det er ikkje mykje alkohol som skal til. Når vaksne synest stemninga er god, er det ikkje sikkert at barna synest det er like koseleg. Sjølv om den vaksne er i godt humør, kan det opplevast veldig utrygt for barna. Som regel er det også slik at barna ser det lenge før den vaksne føler seg påverka. Dei ser det på kroppsbevegelse og merkar det på blick og talemåte.

Hensikta med innlegget er ikkje å få alle foreldre til å kutte alkoholen heilt. Men som erfaringskonsulent i BAR, Barn av Rusmisbrukere, ser eg behovet for å opplyse vaksne om kva verknad rus kan ha på barn. Det er ille for barn å sjå foreldra sine «pussa», og barn blir utrygge når far eller mor endrar seg,

når kroppsbevegelse, blick og talemåte vert forandra. Det finst mange tal på kor mange rusmisbrukarar det er i Noreg. Det vi veit, er at det er minst 100 000 barn, men sannsynlegvis er mørketala mykje høgare. Det er altfor høge tal og for at vi skal kunne hjelpe desse barna, treng vi kunnskap og forståing blant alle vaksne: lærarar, helsesøster, dei som jobbar med barn på fritida og så vidare. Men vi må vere vakne og tore å sjå lenger enn til vår eiga stue. Det er svært sannsynleg at du kjenner eit barn som har foreldre med rusproblem.

Eg vil takke Adressa for å rette søkelys mot dette viktige temaet. Kunnskap og merksemd er dei viktigaste hjelpemidla for å kunne hjelpe dei barna som lid under foreldra sitt rusmisbruk. BAR jobbar mykje med dette, og har mellom anna ein chat der BARN AV heilt anonymt kan prate med ein vaksen om sine problem og det som uroar dei. Også andre organisasjonar gjer ein god jobb med å hjelpe!

Ida
Erfaringskonsulent i BAR

9. Foreldre som drikk medan barna ser på

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, Barne- og ungdomsarbeiderfag, alle.



EMNEHJELP:

Les teksten saman, høgt i klassa, Gå inn på nettsida til organisasjonen BAR, www.barweb.no, og finn ut kva for overskrifter som finst der. Samarbeid med lærarar i samfunnsfag, naturfag, kroppsøving eller programfag. Finn statistikk og grafiske framstillingar i samarbeid med matematikklærar.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving:

Set strek under ei setning i teksten som gjer inntrykk på deg. Alle les den setninga dei har valt ut, høgt i klassa utan at nokon kommenterer.

Skriv i tre minutt:

- Denne setninga gjorde inntrykk på meg fordi ...

Les høgt og snakk om tekstane.

9. Foreldre som drikk medan barna ser på

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, Barne- og ungdomsarbeidarfag, alle.

Eller:

Bruk litt meir tid og begynn økta med å skrive etter ein mønstertekst.

Denne teksten har også stått på nettsida til BAR (barn av rusmisbrukarar). Sjå oppgåva framfor. Les teksten i klassa, og lat elevane skrive sin eigen tekst.

Tekst: (omsett for heftet)

I dag tok eg bussen til skulen og fekk sjå noko som rørte meg og samstundes fekk fram smilet. Bak meg sat det to jenter, sannsynlegvis søstrer, den eine på 5–6 år og den andre litt eldre. Dei sat ved sida av kvarandre, med skulesekken i fanget. Den minste med musefletter og rosa sekk, den største med ei lang flette og lilla sekk. Bussen stoppar alltid på togstasjonen, og barna som sit på bussen, skal då over i ein annan buss, som tek dei med til skulen. Det var då storesøstera rørte meg, og eg fekk samstundes lyst til å gi ho ein god klem.

Alle dei andre barna storma ut av bussen for å kome inn i den andre, og kanskje få dei beste seta. Likevel venta den største tolmødig på veslesøstera. Ho bruker lang tid, og slit med å få på seg sekken og bli klar til å gå ut, men storesøstera

står med handa rekt ut, og nektar å gå før veslesøstera tek armen hennar, og dei leier hender saman ut av bussen.

Det var noko vakse og ansvarleg over den handa som var strekt ut som eg kjente gjorde veldig inntrykk. Kanskje var denne storesøstera meir enn ei storesøster. Kanskje var ho også ein omsorgsperson og ein vaksen for søstera. Kanskje hadde dei lært at dei skal halde hender og passe på kvarandre når dei reiser aleine. Uansett var omsorga og omtanken så tydeleg at det fekk fram smilet, og eg blei inspirert til å halde hender med dei rundt meg i helga. Det er viktig å vise omtanke. Ein måte å gjere det på er å halde hender, og eg håper så mange som mogleg har ei hand å halde i dag!

Ida

Skriv ein tekst der du reflekterer over noko du har opplevd og som har sett tankane dine i sving. Skriv 250–300 ord. Forslag til startsetningar:

- I dag tok eg bussen til skulen, og då fekk eg sjå ...
- Då eg var sju år (eller vel alder sjølv), opplevde eg noko eg aldri gløymer ...
- Ein av venene mine fortalde meg ein gong ...

Diskuter i klassa: Korleis kan vi vise omtanke for barn, også dei vi ikkje kjenner?

9. Foreldre som drikk medan barna ser på

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, Barne- og ungdomsarbeiderfag, alle.



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING:

Case:

Klassa lagar ein kampanje for å få foreldre til å slutte å nyte alkohol medan barna ser på. Send tekstane til BAR eller lag ei veggavis. Inviter ein representant for BAR eller helsesøster på skulen til å sjå dei ferdige elevtekstane.

Skriv ein tekst der du freistar å overtyde foreldre om at dei ikkje bør drikke alkohol medan barna er til stades. Finn gjerne fakta på Internett. Vel sjølv om du vil satse mest på å appellere til lesarane sine kjensler (patos) eller fornuft (logos). Uansett bør du tenke på korleis du skal verke truverdig når du argumenterer (etos). Skriv 400 ord.

10. Testamentariske gaver til Redd Barna

OPPGÅVER TILPASSA: Helse- og sosialfag, alle.



EN SLUTT KAN BLI
EN BEGYNNELSE

Når ditt liv en gang er over; hvilken arv er vel bedre enn å kunne gi barn en god start på sitt?

En testamentarisk gave til Redd Barna, er å gi barn over hele verden en reell mulighet til et bedre liv. Pengene du gir brukes til utdanning, helsearbeid og hjelp til krigs- og katastroferammede barn. Størrelsen velger du naturligvis selv, men stort eller lite: Din gave kan bli en begynnelse på et bedre liv for svært mange barn.

For mer informasjon og gratis juridisk hjelp, kontakt oss på 22 99 09 00, eller les mer på www.reddbarna.no/testamentarisk

 **Redd Barna**
Testamentariske gaver

TEKST: En slutt kan bli en begynnelse

Når ditt liv en gang er over; hvilken arv er vel bedre enn å kunne gi barn en god start på livet sitt?

En testamentarisk gave til Redd Barna, er å gi barn over hele verden en reell mulighet til et bedre liv. Pengene du gir, brukes til utdanning, helsearbeid og hjelp til krigs- og katastroferammede barn. Størrelsen velger du naturligvis selv, men stort eller lite: Din gave kan bli en begynnelse på et bedre liv for svært mange barn.

EMNEHJELP:

Snakk saman i klassa: Kva er budskapet til Redd Barna, og kva for verkemiddel tek dei i bruk for å samle inn pengar i denne annonsen? Gå gjennom illustrasjon, overskrift og verbaltekst i klassa eller i grupper og noter på tavla: Kva verkemiddel appellerer til kjenslene til lesaren (patos), og kva verkemiddel appellerer til fornufta (logos)? Greier organisasjonen å ta vare på truverdet sitt (etos) når dei ber om at gamle folk skal gi dei testamentariske gaver?

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving:

Skriv ein kort tekst (tre minutt):

Startsetninga kan vere sånn:

- Min reaksjon på denne annonsen er ...

Les tekstane i grupper eller i klassa og snakk om både budskapet og verkemidla.

10. Testamentariske g ver til Redd Barna

OPPG VER TILPASSA: Helse- og sosialfag, alle.

EN SLUTT KAN BLI
EN BEGYNNELSE

N r ditt liv en gang er over; hvilken arv er vel bedre enn   kunne gi barn en god start p  sitt?

En testament rsk gave til Redd Barna, er   gi barn over hele verden en reell mulighet til et bedre liv. Pengene du gir brukes til utdanning, helsearbeid og hjelp til krigs- og katastroferammede barn. St rrelsen velger du naturligvis selv, men stort eller lite: Din gave kan bli en begynnelse p  et bedre liv for s rvt mange barn.

For mer informasjon og gratis juridisk hjelp, kontakt oss p  22 99 09 00, eller les mer p  www.reddbarna.no/testamentarisk.

 **Redd Barna**
Testamentariske gaver

TEKST: En slutt kan bli en begynnelse

N r ditt liv en gang er over; hvilken arv er vel bedre enn   kunne gi barn en god start p  livet sitt?

En testament rsk gave til Redd Barna, er   gi barn over hele verden en reell mulighet til et bedre liv. Pengene du gir, brukes til utdanning, helsearbeid og hjelp til krigs- og katastroferammede barn. St rrelsen velger du naturligvis selv, men stort eller lite: Din gave kan bli en begynnelse p  et bedre liv for s rvt mange barn.

OPPG VER PRESENTASJONSSKRIVING

Case:

Skriv eit avisinnlegg der du anten st ttar budskapet til Redd Barna eller kritiserer dei for   be om testamentariske g ver fr  gamle menneske. Du m  freiste   overt yde lesarane om at du har rett.

Forslag til startsetningar:

- No har Redd Barna g tt over alle grenser i kampen for   f  tak i pengane v re! ...

Eller:

- Organisasjonen Redd Barna syner gamle menneske korleis dei verkeleg kan vere til hjelp for andre n r dei sj lv er borte! –

Eller:

- Skriv ein tekst der du syner korleis Redd Barna gjer bruk av patos, logos og etos i annonsen «En slutt kan bli en start».

11. Fashion

OPPGÅVER TILPASSA: Design og handverk, Helse- og sosialfag, Restaurant- og matfag, alle.

Tekst: Lars Saabye Christensen

Catwalk

Den magre modellen
Kaster ikke skygge
Hun bærer sin skygge
Som en søster ved sin side

Den magre modellen
Sminker sitt skjelett
Hun puster mellom linjene
I kameraets mørke

Den magre modellen
Veier sitt tap
Og måler sin død
Med en hyssing av sol

Hun er et barn
Som for lengst er blitt gammel
Så går hun på vannet
Og snart er hun for gammel
Til å være barn

Den magre modellen
Spiser sin skygge
Svelger sin munn
Og spyr sine smil

Den magre modellen
Sover i en rynke
Så går hun på vannet



EMNEHJELP:

Finn artiklar om eteforstyringer eller om kvinneideal gjennom tidene. Samarbeid med kroppsøvlingslærer eller helsesøster. Bruk dykkar egne erfaringar.

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving ut frå bilete

Skriv i tre minutt. Les høgt i klassa og snakk saman om det som kjem fram:

Forslag til startsetningar:

- Når eg ser desse bileta ...
- Modellen på biletet får meg til å tenke på ...

Utgangspunkt i diktet «Catwalk»

Les diktet og sjå på ordvalet. Kva for ord bruker Lars Saabye Christensen for å skildre modellen?

Eller:

Alle elevane strekar under ei linje i diktet og les linja høgt i klassa. Deretter tenkeskriv kvar elev om det dei har valt.

Forslag til startsetning:

- Eg valde denne linja fordi ...

11. Fashion

OPPGÅVER TILPASSA: Design og handverk, Helse- og sosialfag, Restaurant- og matfag, alle.

Tekst: Lars Saabye Christensen

Catwalk

Den magre modellen
Kaster ikke skygge
Hun bærer sin skygge
Som en søster ved sin side


Den magre modellen
Sminker sitt skjelett
Hun puster mellom linjene
I kameraets mørke

Den magre modellen
Veier sitt tap
Og måler sin død
Med en hyssing av sol

Hun er et barn
Som for lengst er blitt gammel
Så går hun på vannet
Og snart er hun for gammel
Til å være barn

Den magre modellen
Spiser sin skygge
Svelger sin munn
Og spyr sine smil

Den magre modellen
Sover i en rynke
Så går hun på vannet



OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING

Skriv ein tekst til redaktøren av eit ungdomsblad der du kritiserer at dei bruker bilete av syltynne fotomodellar i reportasjane sine. Du skal freiste å overtyde redaktøren om at dette er med på å øydelegge sjølvtiliten til unge jenter.

12. Framtid som fengselsbetjent

OPPGÅVER TILPASSA: Alle.

Annonse frå Utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS (publisert av Ottar Evensen, 19. juni 2012):

Fengselsbetjentutdanningen

VIL DU BLI FENGSELSBETJENT?

Kan du sette grenser for andre, og klarer du å holde hodet kaldt i krevende situasjoner? Da har vi kanskje utdanningen og karrieren for deg. Jobben er så viktig at du mottar lønn fra første skoledag. Utdanningen er toårig, og aspirantene gis lønn i hele perioden. Ved bestått fengselsbetjentutdanning oppnår aspirantene i tillegg 120 studiepoeng. Utdanningen starter ved skolen i Oslo i januar 2013. Første teorisemester går over fem måneder, deretter følger to semestre med praktisk/teoretisk undervisning ved et av våre opplæringsfengsler, som er fordelt over hele landet. Det fjerde og siste semesteret gjennomføres ved skolen i Oslo i perioden august–november 2014. Det følger ett pliktår som fengselsbetjent etter endt utdanning.

Søknadsfrist: 23. august.

EMNEHJELP:

Samarbeid med karriererettleiar på skulen, og bruk skriveoppgåva som ein del av yrkesorienteringa ved skulen!

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving

Bruk ei av startsetningane under og skriv i tre minutt:

- Dei sterkaste sidene mine er ...
- Det er viktig for meg å få gratis utdanning, for ...
- Når eg skal velje yrke for framtida, tenker eg først og fremst på ...

12. Framtid som fengselsbetjent

OPPGÅVER TILPASSA: Alle.

Annonse frå Utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS (publisert av Ottar Evensen, 19. juni 2012):

Fengselsbetjentutdanningen

VIL DU BLI FENGSELSBETJENT?

Kan du sette grenser for andre, og klarer du å holde hodet kaldt i krevende situasjoner? Da har vi kanskje utdanningen og karrieren for deg. Jobben er så viktig at du mottar lønn fra første skoledag. Utdanningen er toårig, og aspirantene gis lønn i hele perioden. Ved bestått fengselsbetjentutdanning oppnår aspirantene i tillegg 120 studiepoeng. Utdanningen starter ved skolen i Oslo i januar 2013. Første teorisemester går over fem måneder, deretter følger to semestre med praktisk/teoretisk undervisning ved et av våre opplæringsfengsler, som er fordelt over hele landet. Det fjerde og siste semesteret gjennomføres ved skolen i Oslo i perioden august–november 2014. Det følger ett pliktår som fengselsbetjent etter endt utdanning.

Søknadsfrist: 23. august.

OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING

Case:

KRUS (Utdanningssenteret for kriminalomsorga) søker etter aspirantar til fengselsbetjentutdanninga. I tillegg til eit søknadsskjema vil dei ha eit personleg brev der du fortel kvifor akkurat du passar til dette yrket.

Skriv eit brev der du freistar å overtyde KRUS om at du er den rette personen til å bli fengselsbetjent.

13. Mekkeverkstad for ungdom

OPPGÅVER TILPASSA: Teknikk og industriell produksjon, alle.



Tekst: Har du en god idé, men mangler penger?

Gjensidigestiftelsen deler hvert år ut over 100 millioner kroner til samfunnsnyttige formål med fokus på trygghet og helse. Felles for de prosjektene vi gir til er at de er forebyggende, aktivitetsskapende og kommer mange til nytte, uansett alder. Vi gleder oss til å se hva du brenner for. Husk å søke før 15. september. Les mer på gjensidigestiftelsen.no

*Annonse frå Gjensidigestiftelsen
(Faksimile frå A-magasinet 31. august 2012)*

EMNEHJELP:

Les annonsen saman i klassa, og sjå på kva tiltak det skal givast støtte til. Drøft korleis de kunne ha fått til ein open mekkeverkstad, og korleis de kan overtyde Gjensidigestiftelsen om at de har eit godt formål.

TIPS:

Gå gjerne inn på Internett og les meir om kva tiltak som får støtte:
<http://www.gjensidigestiftelsen.no/no/sok-stotte>

KOME I GANG MED SKRIVINGA:

Tenkeskriving:

Vel ei av startsetningane under og skriv i tre minutt:

- Fritidstilbudet til ungdom som ikkje er interesserte i sport, er elendig. Eg meiner ...
- Det finst ingen gode tilbud til ungdom her på staden. Etter mi meining ...

13. Mekkeverkstad for ungdom

OPPGÅVER TILPASSA: Teknikk og industriell produksjon, alle.



Tekst: Har du en god idé, men mangler penger?

Gjensidigestiftelsen deler hvert år ut over 100 millioner kroner til samfunnsnyttige formål med fokus på trygghet og helse. Felles for de prosjektene vi gir til er at de er forebyggende, aktivitetsskapende og kommer mange til nytte, uansett alder. Vi gleder oss til å se hva du brenner for. Husk å søke før 15. september. Les mer på gjensidigestiftelsen.no

Annonse frå Gjensidigestiftelsen
(Faksimile frå A-magasinet 31. august 2012)

OPPGÅVER PRESENTASJONSSKRIVING

Case:

Gjensidigestiftelsen skal dele ut 100 millionar kroner til samfunnsnyttige formål. Klassa er blitt einig om at de skal søke om støtte til det same formålet som dei viser til i annonsen sin, ein mekkeverkstad for ungdom.

Skriv ein søknad der du freistar å overtyde Gjensidigestiftelsen om at nettopp de bør få støtte til tiltaket.

ETTERORD: KURT LIKER IKKJE SKULEN

– HAN VIL BLI TRUCKFØRAR


Hovudpersonen i Erlend Loes barnebøker heiter Kurt. Kurt er familiefar, gift og har tre barn, men framfor alt er han truckfører. Vi får ikkje vite så mykje om oppveksten hans, men den første boka i serien opnar med ei lita forteljing om kvifor Kurt blei truckfører:

«Kurt har vært truckfører i mange år. Nesten helt siden han var liten. Først gikk Kurt på skole slik alle barn gjør. Det likte Kurt dårlig, og han var ofte sur. Men da Kurt ikke trengte å gå mer på skole, skaffet han seg truck og ble truckfører. Det liker han mye bedre» (Loe 1994).

Yrkesvalet til Loes helt høyrest tilforlateleg enkelt og greitt ut: Han treivst ikkje på skulen, han heldt ut så lenge han måtte, og etter det valde han ein yrkeskarriere så fjernt frå kulturen i klasserommet som råd var. Sitatet seier ikkje noko om kva det var ved skulen Kurt mislikte, og det seier ikkje noko om forholdet hans til skriving og lesing, men vi veit at mange synest at lesing og skriving er noko som gjer skulen vanskeleg og kjedeleg. Slik kan det ha vore for Kurt òg.

Den svenske forskaren Anna-Malin Karlsson har laga ei undersøking der ho spør ulike yrkesutøvarar om dei les og skriv i jobben dei utfører til dagleg. Det gjennomgåande svaret ho får, er «Nei, dei utøver eit yrke der dei ikkje treng å ha eit forhold til skrift». Etter dette innleiande spørsmålet følgjer forskaren yrkesutøvarane gjennom arbeidsdagen, og ho registrerer

i kva for situasjonar og korleis dei stadig må ha eit forhold til skrift. Boka *En arbeidsdag i skriftsamhället* er kanskje ikkje den mest spennande boka som er skriven, men ho er viktig. Ho er viktig fordi ho viser korleis yrke der ein tradisjonelt ikkje har vore nøydd til å ha eit forhold til skrift, i dag er prega av utstrekt og avansert bruk av skriftmediet.



Illustrasjon: Kim Hiorthøy.
Henta frå Fisken av Erlend Loe, Cappelen 1994.

Ein bilmekanikar må ikkje berre kunne utføre det fysiske arbeidet det er å reparere ein bil, han må kunne orientere seg i manualane som følgjer med bilen, han må kunne bruke datamaskin for å gå inn i «hjernen» på bilen, han må kunne dokumentere den jobben som er gjort. Snikkaren må kunne forstå

avanserte, multimodale teikningar, han må kunne setje seg inn i nye forskrifter og dokumentere at desse er følgde. Hjelpepleiaren må kunne ta notat, skrive i avdelinga si dagbok, bruke samlingspermen. Ein truckfører må kunne lese varesetlane, må kunne setje seg inn i nye sikkerhetsføresegner (HMS), og han må dokumentere arbeidet som er gjort. Anna-Malin Karlssons undersøking syner at lese- og skrivekompetanse i praktisk bruk – det som vi i mangel på norske omgrep kallar literacy – er heilt essensielt i det skriftbaserte samfunnet vi har i dag. Det finst ikkje yrke i samfunnet der vi slepp unna literacykravet. Eller med andre ord: Kurt kunne ikkje ha dyrka sin store lidenskap, truckkøyring, viss han ikkje hadde utvikla grunnleggande lese- og skriveferdigheter.

Utfordringa for oss som lærarar er derfor: Korleis skal vi førebu «Kurtane» våre på eit arbeidsliv der yrkesutøving krev at ein kan lese, skrive og snakke om det ein gjer?

Det er lang tradisjon i norsk skule for at skrivning hovudsakleg har blitt brukt til å sjekke kva elevane har lært. Den gamle gymnastradisjonen der ein les for å lære og skriv for å vise kva ein har lært, er framleis ein utbreidd praksis. Ei skriveopplæring som skal førebu elevane på literacy-kravet, må ta omsyn til at skrivning ikkje berre er ein måte å presentere noko for nokon andre på. Å skrive er òg ein måte å utvikle kunnskap på, ein måte å tenke på, ein måte å lære om verda på. Vi snakkar gjerne om at språket har to grunnfunksjonar: ei tenkeform og ei formidlingsform. Skal vi førebu elevane på eit yrkesliv med eit stadig aukande literacy-krav, må vi ta i bruk begge desse grunnfunksjonane til språket. Det inneber at elevane må få bruke skrivning slik at ho blir ein vesentleg del av kunnskapsutviklinga. Ikkje berre i fellesfaga, men òg i programfaga må dei systematisk og ofte skrive for seg sjølv og om si eiga læringsutvikling. Den tause kunnskapen om korleis dreiebenken fungerer, korleis ein skal sette opp ein vegg i bindingsverk med lydisolering, eller korleis teieplikta på ein sjukeheim skal haldast, kan ikkje berre vere taus, han må også kunne uttrykkast med ord.

I oppgåvene i dette heftet er det lagt vekt på dei to grunnfunksjonane til språket, det vil seie at både tenkeforma og presentasjonsforma er nytta i alle oppgåvene. Språket si tenkeform – det vi kallar tenkeskriving – er eit nyttig verktøy på vegen fram til presentasjonsskriving. Tenkeskriving er skrivning utan krav til at alt skal vere ortografisk korrekt og leseleg – det er skrivning der sensureringsinstansen er slått av,

slik at tanken skal kunne strøyme fritt ned på papiet. Vi har lagt inn ei rekke slike tenkeskrivingsoppgåver på vegen fram til presentasjonsskriving. Dette gjer vi for å gi elevane emnehjelp. For å hjelpe dei til å bli klar over kva dei kan om emnet frå før, kva dei meiner, og for å gi dei støtte før dei skal snakke om det i klassa. Vi har lagt inn ulike former for tenkeskrivingsoppgåver for å hjelpe dei å kome i gang med skrivninga.

Vidare endar alle skriveopplegga opp i ei presentasjonsskriving, og i dei fleste av desse har vi freista å etablere andre mottakarar enn læraren. For majoriteten av tekstar som blir skrivne i skulen, er læraren mottakar, men i nokre tilfelle kan det vere tenleg å sette i scene skrivesituasjonar med andre mottakarar. Det blir til dømes opplevd som lite meningsfylt å skrive om eit tema som læraren er ekspert på. Då får læraren ei dobbeltrolle, både som mottakar av innhaldet i teksten og samstundes som ekspert og vurderar av det same innhaldet. Alle presentasjonsoppgåvene i dette heftet har nokre idear om andre lesarar enn læraren. Med slike oppgåveformuleringar får teksten ein «autentisk» mottakar og skrivehandlinga eit tydeleg definert formål. Dette kan bidra til å unngå såkalla «tomgangstekstar», det vil seie tekstar som ikkje skal nokon stad, og som aldri kjem opp av sekken til eleven. Ved at vi skildrar skriveoppgåvene og seier noko om kvar teksten skal «publiserast», og kven som skal lese han, gjer vi skrivesituasjonen meir lik den måten vi skriv på utanfor skulen – og vi trur det vil vere ein viktig motivasjonsfaktor.

Alle skriveoppgåvene i heftet handlar om å overtyde, og formålet med skrivninga er derfor å påverke lesaren. Dette trur vi også er ein måte å unngå at læraren hamnar i den uheldige dobbeltrolla: både

som mottakar av innhaldet i teksten og ekspert på same innhald. Skrivehandlinga å overtyde opnar i tillegg for at elevane kan skrive ulike typar tekstar. Når ein skal argumentere for ei sak, kan det som kjent gjerast på ulike måtar. I nokre av oppgåvene har vi i førebuingsskrivinga valt å ha søkelys på appellformene i retorikken, nettopp for å syne elevane at det er mange verkemiddel ein kan nytte når ein skal argumentere.

Ønsket med dette heftet med heilskaplege skriveoppgåver er å vise nokre døme på skriveopplæring som skal vere meningsfulle og relevante. Om oppgåvene skal leve opp til slike honnørord, er ikkje berre avhengig av eleven. Det er også avhengig av læraren – av samspelet mellom lærar og elev i klasserommet. Erfaringar frå internasjonale skuleutviklingsprosjekt som har lukkast, mellom anna frå Ontario, syner at det er to grunnleggande føresetnader for at det skal skje ei systematisk endring av praksis i skulen:

Den første føresetnaden er at lærarane må vere einige om kva elevane skal lære. Det tyder at ein på tvers av fag og trinn er einige om noko basalt som alle lærarane skal strekke seg mot. Innføringa av grunnleggande ferdigheiter i Kunnskapsløftet var nettopp eit slikt forsøk på å bli einige om kva elevane skal lære. Grunnleggande ferdigheiter er eit forsøk på å sjå bort frå alle skilnader mellom fag, sjå bort frå kampen mellom fellesfag og programfag, mellom realfag og humaniora, og seie at det som er målet med undervisninga, er at elevane utviklar dei språklege ferdigheitene på tvers av fag. Akkurat det same tankegodset finn vi att når vi ser utover Noregs grenser. I eit forsøk på å finne ut kva slags ballast unge menneske må ha med seg for å kunne møte utfordringane i det samfunnet dei skal bli vaksne i,

har OECD laga eit pedagogisk visjonsdokument der dei vel ut og definerer det dei kallar kritiske nøkkelkompetansar. DeSeCo-dokumentet handlar om å bli einige om visjonane i utdanningspolitikken, og ein av nøkkelkompetansane dei peikar på, er nettopp den literacy-forståinga som ligg til grunn for innføringa av grunnleggande ferdigheiter i Kunnskapsløftet.

Den andre føresetnaden handlar om at ein må etablere ei tru på at det nyttar, og at det vi gjer i klasserommet, spelar ei rolle. Ei slags «Yes, we can!»-haldning. Dette kan jo høyrast sjølv sagt ut, men det er likevel viktig. Dersom utgangspunktet for eit utviklingsprosjekt er at elevane er umotiverte uansett kva ein gjer, og at det eigentleg ikkje er så viktig med lese- og skriveopplæring heller, fordi dei «berre» skal utføre eit praktisk yrke, vil det garantert ikkje føre til noka utvikling.

Dette heftet er laga med ei tru på at skriveopplæringa for yrkesfaglege elevar er viktig, og at det finst eit potensial for å gjere ho betre. Føresetnaden for å gjere noko annleis er at ein har tru på at det har innverknad. Heftet du har i handa, *Skriving i FYR – meningsfulle skriveoppgåver på yrkesfag*, er laga med ei grunnleggande tru på at det er mogleg: Ja, dette skal vi gjere!

Trondheim, 29. oktober 2012

Trygve Kvithyld

Litteraturliste:

Illustrasjon: Kim Hiorthøy
Fisken, Erlend Loe (1994)
Cappelen.

Anna-Malin Karlsson (2006):
En arbeidsdag i skriftsamhället.
Norstedts Akademiska förlag

Richard DuFour og Robert J. Marzano (2011):
*Leaders of Learning: How District, School, and Classroom
Leaders Improve Student Achievement*.
Solution Tree

Jon Smidt (2010): Skrivekulturer og skrivesituasjoner i
bevegelse – fra beskrivelser til utvikling.
I *Skriving i alle fag – innsyn og utspill* (Jon Smidt red.)
Tapir Trondheim.

Meir nyttig stoff:

Skrivesenteret har tidlegare gitt ut eit hefte med tips om skrivestrategiar:

I skrivande stund av Tonje Smedbråten (2011).

Heftet finst både på bokmål og nynorsk, og kan kjøpast via heimesida vår: www.skrivesenteret.no

Skrivesenteret har også laga desse plakatane, som kan tingast gratis frå oss. (A2. Bokmål og nynorsk.)



Skriving i FYR

Korleis kan vi gjere skriveopplæringa på yrkesfag meir yrkesretta, meir relevant, og dermed meir motiverande og utviklande for elevane?

Oppgåvene og undervisningsopplegga i dette heftet er laga for norskfaget i FYR, og tek utgangspunkt i kompetansemåla i læreplanen for dette faget. Oppgåvene oppmodar likevel til tverrfagleg samarbeid om skriveopplæring.

Førebuing og rammer for skrivinga er viktig for Skriving i FYR. Elevane bør ikkje berre få ei oppgåve i handa og ordre om å skrive i veg. I dette heftet finst det framlegg til korleis ein kan gi emnehjelp og kome i gang, og gi rammer for skriving.

På denne måten inviterer heftet til ei aktuell, systematisk skriveopplæring. Det inspirerer til å bruke omgrep om skriveprosessen som opnar for ein fruktbar dialog mellom lærarar og elevar. Og dermed opnar det også for ei progressiv skriveutvikling, der eleven gradvis kan oppleve meir skriveglede og skrivemeistring:

SKRIVE – LÆRE – DELTA



Skriventeret

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning
Høgskolen i Sør-Trøndelag
7004 Trondheim
www.skrivesenteret.no

ISBN 978-82-93194-06-4 (trykt)

ISBN 978-82-93194-07-1 (pdf)